

Det er gjort følgjande rettingar/revideringar i planmaterieil for Områdeplan for Dalstø – Mjåtveitstø etter tilbakemeldingar og møte med Alver kommune, 22.08.2023:

1. Føresegnsområda må justerast.
  - a. Føresegnsområda er endra. Ein har tatt ut føresegnsområde for gjeldande reguleringsplanar i plankartet og endra føresegna knytt til desse. Det er lagt inn nye føresegn med tabellar under 3.1.2.a.I og 3.1.2.c.I for kva område innan områdeplanen som fortsett skal ha føresegn frå gjeldande detaljplanar. I tabellen har ein satt opp kva desse felta er kalla i områdeplanen opp mot kva felta heitar i gjeldande reguleringsplanar, slik at ein unngår misforståingar.
  - b. Ein har under kapittel 9 i føresegna, tatt ut føresegna om gjeldande reguleringsplanar slik at det ikkje vert misforståingar knytt opp mot kva som gjeld i tråd med punkt a over.
2. Sette saman eksisterande materiale.
  - a. Illustrasjonar som er sendt inn ved tidlegare innsendingar + nye illustrasjonar er samla saman til eit illustrasjonshefte i tråd med kommunens ynskje.
3. Vurdering etter forskrift om konsekvensutredning.
  - a. Det er gjort ein vurdering av om næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttig føremål er KU-pliktig i dette planarbeidet, jf. KU forskrifta. Denne vurderinga er lagt inn i planomtalen etter dialog med kommunen i møtet 22.08.2023.
4. Eventuell oppdatert planmaterieil knytt til VA-situasjon.
  - a. VAO-rammeplanen er revidert 29.8.2023 Versjon 5.
  - b. VAO-rammeplan er revidert i tråd med merknader frå intern høyring i Alver kommune datert 10.8.2023 . Endringane er gjort i tråd med dei fire kulepunktta i merknaden:
    - i. Avvik i tekst mellom dokument 18 og dokument 49.
    - ii. Vurdering av eksisterande pumpestasjon gjort av leverandør Xylem. Dokumentasjon er oversendt Alver kommune 21.8.2023.
    - iii. Det er gjort ei kapasitetsberekning av røyrleidningsnettlet Mjåtveitmarka - Mjåtveitflaten - Juviknipa – Galtenesvegen. Dette ligg som eit eiga vedlegg til VAO-rammelan som er oversendt Alver kommune 30.8.2023. Forslag til løysning ligg i notat frå Haugen VVA.
    - iv. I VAO-planen er det gjort ei vurdering på heile strekninga frå pumpestasjonen i Mjåtveitmarka (Ø) til Galtenestet (RA).